U. B. BERGEN
Ms. 1162/15

„DEN 17. MAI"
EKSPEDISJONEN

Kristiania 15. septbr. 1899

Gode ven!

Takk for sist! Du veit kor til stend her; so det er ikkje stort nytt aa melda um det. Men kan maalfolki kring i landet lata „Den 17 de" gaa i gravi? Eit tap maa det venta, og det vil taka modet fraa andre til aa setja eit nytt blad igang.

Folki her som kjenner stillingi (dei som arbeider i forretningi) seier at 2-3000 tingarar ikkje kan berga bladet, og kva trygd hev ein vel for at ein med den styrnad som no er, far so mange? Dei meiner fullvisst at det maa opsela upp fyrr langt lid. Prentverket hev og so mykje paa seg at det vandt t evlar greia seg. Men vart det godt drive, skulde det løna seg bra endaa-til.

Steinsvik strævar paa harde livet og vonar kanskje aa slaa seg igjenom.

Men i alle høve vert det fatigmanns-
styre, og det er ikkje bladet tent med.
Faae elder ingen her nokon vyrnad
for bladet her i byen. Ikkje eingong
til Akershusfestarne fer me billettar.
Det nyttar ikkje, naar ein ikkje nokor-
lunde kan halda maal med dei
hine bladi.

Alle er samde um at det maa
eit pengelag til med eit greidkore
og dugande forretningsstyre og
ein skipnad som legg ansvaret
paa styraran for kvar deild og ikkje
<u>alt</u> paa ein mann.

Um St. var vaksen til aa vera
forretningsmann, gjekk det like-
vel ikkje. Det er ikkje <u>ein manns</u>
verk aa styra alt her.

I fjor kunde pengelaget kome
i stand. No er det nok vandare.
Men kan hende det gjekk enno
um det vart gjort eit aalvorlegt
tiltak. Bergen skal ikkje vera
raama av pengeknipa. <u>Der</u> skul-

„DEN 17. MAI"
EKSPEDISJONEN

Kristiania ............ 189

U. B. BERGEN
Ms. 1162/15

de det finnast ~~paa~~ maalhuga pengemann som kunde slaa lag med Oslofolk og andre. Gjer ein freistnad!

Advokat Gurstad hev baud seg til aa skipa laget ifjor. Kanskje han kunde gjera ei god hjelp no og. Men det var godt at andre en berre Oslofolk fekk eit ord aa seia med i laget. Husebye er nok huga hjelpa til. Men du veit korleis det stend til med han, so han vilde kanskje ikkje vinna til hu. Det maa gode namn til.

Kunde de gjera noko der burte, vilde det hjelpa svært godt paa. Eit maalblad som hev pengar og vert godt styrt i alle leider maa kunne slaa seg fram.

Du höyrde H. no vilde hava laget skipa. Men han trur ikkje at det let seg. Difor var det best um andre gode mann vilde gaa i brodden. Fyrst maatte ein hava alt greitt ifraa han, so det ikkje var faafengt arbeid

U. B. BERGEN

Eit hardt strev er det her, og liten hugnad er det aa arbeida, naar det stend so paa spel.

For eit rop det vart alt landet over um. Den 17de sank! Det maa ikkje henda.

Gode menn kan berga – um det er i siste liten.

Med helsing

din

Klaus Sletten.

Nemn ikkje noko um at eg skriv so. De skynar eg stend i ei vand stilling.